



Slik ligg dei to skutene i dag, med Storm til venstre og Kvituren til høgre (med brune master)

Under eit 4 timer langt årsmøte på Stemneplassen i går kveld vart Uskedal Båtlag stilt overfor eit stort problem: Dei to Uskedal-skutene Storm (Kåre Rød) og Kvituren (Terje Rød) ligg på ein slik måte ved bølgedemparen at dei må flyttast snarast hvis båtlaget framleis vil vera garantert forsikring på anlegget.

Den nye leiar Trond Lekva Myklebust innrømte at styret i sin tid gjorde feil då det gav grønt lys for måten skutene ligg. Difor sit styret no også med ansvaret. Det veg kvar 28 tonn medan årsmøtet samrøystes fastsette ei grense på 10 tonn.



30 møtte fram på årsmøtet, det var saken om dei store båtane som fanga interessen mest

Årsmøtet opna for ei løyving på inntil 30 000 kroner til skute-eigarane slik at dei kan finna og finansiera ein midlertidig fortøyningsplass og arbeidet med det startar allereie tysdag. Det er så sett ein frist på 6 månader for å finna ein permanent plass for skutene.



Skute-eigar Kåre Rød

Leverandøren av bølgedemparen Ørsta Marina Systems har lansert eit alternativ til plassering hvis det er ynskjeleg at skutene framleis skal liggja i anlegget. Alternativet går ut på ei forlenging av demparen i retning mot Flatholm og plassering av skutene med stavnen utover mot fjorden i staden for langs demparen. men dette vil truleg kosta 700 000 kroner og summen kanskje fordelast på dei 120 medlemmana

Ørsta seier etter ein synfaring like før jul at den noverande plassering på det sterkaste blir fraråda. Både storleik, vekt og vindfang i båtane betyr ein stor fære for resten av anlegget. Ved store bølger vil båter og bryggjer bevega seg forskjellig og det vil vera stor fære for at fortøying kan ryka og pullertar brekka både på brygge og båt. Dette kan få store konsekvensar for marinaanlegg og båtar som ligg innanfor demparen. Ørsta oppmoda difor om at dei to skutene blir flytta snarast mogeleg- og minte om at forsikringsselskap gjerne gjev reduserte utbetalingar ved skade hvis dei meiner at forsikringstaakaren har vore uaktsom



Skute-eigar Terje Rød

I årsmeldinga vart det peika på at stormen i november flytta på bølgebrytaren, Handsaminga av saka var tildels kjenslelada frå starten men roa seg ned og vart meir løysingsorientert mot slutten.

Skute-eigarane streka under at saka ikkje måtte få tilbakeverkande kraft. Tidlegare leiar Harald Erdal innrømte at styret ikkje visste kva det gjorde då dei godkjente plassering av dei 2 store båtane på langs av bølgedemparen. Det gjorde heller ikkje eigarane. - Vi kjøpte plassane i god tru, sa Kåre.

Ein midlertidig plassering vart lufta og Skorpo, Husnes og Sunde vart trukke fram som alternativ. Den permanente løysinga må drøftast på eit omfram årsmøte, Ein utgift på 5000 kroner pr. medlem vart nemnt som mogeleg.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen